

Kartverket  
Øystein Jåstad  
Postboks 600 Sentrum  
3507 HØNEFOSS

Dykkar ref.  
06/02357-78

Vår ref.  
23/409-9/LLH

Dato  
17.08.2023

## Vestre Slidre kommune – namnesak 2023/68 – Mosvatnet/Movatn/Movatnet mfl. – tilråding

Det har kome ei mengd fråsegner i denne saka. Alle er tatt med i skjemaet nedanfor, men vi har forkorta ein del av dei. Vestre Slidre Fjellstyre har sendt ei fråsegn der dei kommenterer fleire av namna, men det er ikkje alltid tydeleg kva for skrivemåte dei ønsker. For ein del av bruksnamna var det ikkje kome inn innspel, og vi skreiv difor til kommunen 30.05.2023 og bad kommunen kontakte eigarane på dei aktuelle bruka slik at dei kunne melde frå om kva for namn dei ønsker. Kommunen sendte oss 20.07.2023 dei innspela dei har fått om bruksnamn.


Det er ikkje registrert namn frå Vestre Slidre i Språkrådets registreringsverktøy.

Nr.	Namn	Namnetype og evt. gnr/bnr	Høyringsfråsegner, saksopplysningar og tilråding
1	Gardvik Garvik	Gard (16)	Reidun Garvik Neerland ønsker skrivemåten <i>Garvik</i> . Oddrun Vidvei ønsker skrivemåten <i>Garvik</i> for gardane og avleidde namn. Helge Gardli ønsker skrivemåten <i>Garvik</i> i samsvar med familienamnet. Han skriv at namnet har opphav i formar som blir danna på vassflata i fjorden, såkalla garer. Reidar Garvik ønsker skrivemåten <i>Garvik</i> , og skriver at namnet ikkje kjem av Gård, men Gar. Håkon Garvik ønsker skrivemåten <i>Garvik</i> i samsvar med etternamnet.  I 1838-matrikkelen er gardsnamnet skrive <i>Garvik</i> ( <i>Gardvik</i> ). I matriklane frå 1886 og 1904 og i matrikkelutkastet frå 1950 er gardsnamnet skrive <i>Garvik</i> . <i>Norske Gaardnavne</i> har oppslagsforma <i>Garvik</i> og uttalen /ga:ˈLvik/. Eldre skrivemåtar er <i>Gaarvig</i> (1667)

			<p>og <i>Garvig</i> (1723). Namnet er forklart som norrønt *<i>Garðvík</i>, av <i>garðr</i> i tydinga 'gjerde' eller 'gard'. Namnet er ikkje registrert i heradsregisteret eller bustadnamnregisteret.</p> <p>Norge 1:50 000 har <i>Gardvik</i> (1952, 1979, 1995, 2000, 2008).</p> <p>Bygdeboka (Geir Beitrusten, 1979) brukar skrivemåten <i>Garvik</i>, men skriv «Gardsnamnet <i>Garvik</i> har etter alt å dømme noko å gjere med <i>gard</i> i tydinga gjerde». Tom Schmidt har i Nøvn vesta åsen normert namnet til <i>Gardvik</i>. Han har opplyst på e-post at han noterte uttalen med tjukk l hos to heimelsfolk i 1988.</p> <p><b>Tilråding:</b> <b>Gardvik</b> i samsvar med uttalen med tjukk l. Samtlege høyringsfråsegner går inn for <i>Garvik</i>, og denne skrivemåten er mykje nytta lokalt, òg på førsteutgaven av ØK frå 1965. Men nedervd lokal uttale er med tjukk l (NG og Tom Schmidt). Når det gjeld ordet <i>garlgarer</i> 'formar som blir danna på vassflata i fjorden', som to av fråsegnene meiner er opphavet til namnet, er dette nemnd i faksimilen av Norsk Ordbok med denne tydinga i Slidre, skrive <i>gara</i> eller <i>garda</i> (v.). Uansett den eine eller andre tydinga, vil vel uttalen vere med tjukk l. <i>Gardvik</i> må dermed bli tilrådinga ut frå nedervd lokal uttale.</p>
2	Garvik Søre Garvik	Bruk (16/1)	<p>I matriklane frå 1886 og 1904 og i matrikkelutkastet frå 1950 er bnr 1 skrive <i>Garvik</i>. Bygdeboka har oppslagsforma <i>Søre Garvik</i>.</p> <p><b>Tilråding:</b> <b>Gardvik</b> eller <b>Søre Gardvik</b>, jf. namn nummer 1. Eigiar har ikkje uttalt seg om namneval.</p>
3	Garvik Nørdre Garvik	Bruk (16/2)	<p>I matriklane frå 1886 og 1904 og i matrikkelutkastet frå 1950 er bnr 2 skrive <i>Garvik</i>. Bygdeboka har oppslagsforma <i>Nørdre Garvik</i>.</p> <p><b>Tilråding:</b> <b>Gardvik</b> eller <b>Nørdre Gardvik</b>, jf. namn nummer 1. Eigiar har ikkje uttalt seg om namneval.</p>
4	Garvik-jordet	Bruk (16/27)	<b>Tilråding:</b> <b>Gardvikjordet</b> , jf. namn nummer 1.
5	Gardvikstølen Garvikstølen	Seter/støl	<p>Norge 1:50 000 har <i>Gardvikstøl</i> (1952) og <i>Gardvikstølen</i> (1981, 1995, 2001, 2009).</p> <p><b>Tilråding:</b> <b>Gardvikstølen</b>, jf. namn nummer 1.</p>
6	Garvikstølen	Bruk (27/2)	I matriklane frå 1886 og 1904 og i matrikkelutkastet frå 1950 er bnr 2 skrive <i>Garvikstølen</i> .

			<b>Tilråding:</b> <b>Gardvikstølen</b> , jf. namn nummer 1.
7	Gardvikstølvegen	Adressenamn	<b>Tilråding:</b> <b>Gardvikstølvegen</b> , jf. namn nummer 1.
8	Gardvikodden Garvikøddin	Nes	Norge 1:50 000 har <i>Gardvikodden</i> (1981, 1995, 2001, 2009).  <b>Tilråding:</b> <b>Gardvikodden</b> , jf. namn nummer 1. Skrivemåten <i>-odden</i> i samsvar med gjeldande rettskriving.
9	Gardvikodden Neset	Nes	Norge 1:50 000 har <i>Gardvikodden</i> (1979, 1995, 2000, 2008).  <b>Tilråding:</b> <b>Gardvikodden</b> eller <b>Neset</b> , jf. namn nummer 1. Skrivemåten <i>-odden</i> i samsvar med gjeldande rettskriving.
10	Gardvikvegen	Adressenamn	Anne Live G. Garvik ønsker skrivemåten <i>Garvikvegen</i> i samsvar med etternamnet og gardsnamnet. Helge Gardli ønsker skrivemåten <i>Garvikvegen</i> . Reidar Garvik ønsker skrivemåten <i>Garvikvegen</i> .  <b>Tilråding:</b> <b>Gardvikvegen</b> , jf. namn nummer 1.
11	Fosheim Fosheim	Gard (70)	Eivind O. Fosheim skriv at <i>Fosheim</i> er den eldste skrivemåten. Han ønsker denne skrivemåten i samsvar med namnet på fleire større verksemder i kommunen. Are Berg ønsker skrivemåten <i>Fosheim</i> i samsvar med skriftradisjonen. Ingebjørg Fosheim ønsker skrivemåten <i>Fosheim Gård</i> , og har lagt ved ei rekke dokument med skrivemåten <i>Fosheim</i> . Ragnhild Sundheim oppgir talemåten <i>Fosheim</i> .  I 1838-matrikkelen er gardsnamnet skrive <i>Fosum (Forsheim)</i> . I 1886-matrikkelen er gardsnamnet skrive <i>Fosseim med Fugleim</i> . I matrikkelen frå 1904 er gardsnamnet skrive <i>Fossheim med Fugleim</i> . I matrikelutkastet frå 1950 er gardsnamnet skrive <i>Fosheim med Fugleim</i> . Bygdeboka har skrivemåten <i>Fossheim</i> og oppgir uttalen <i>Føssei</i> .  Norge 1:50 000 har <i>Fossheim</i> (1952, 1979, 1995, 2000, 2008). Førsteutgåva av Økonomisk kartverk frå 1965 har <i>Fosheim</i> .

			<p><i>Norske Gaardnavne</i> har oppslagsforma <i>Fosseim med Fugleim</i> og uttalane /fø`ssei/ og /fu`ggLei/. Eldre skrivemåtar av det første namnet er <i>a Fossom</i> (1334), <i>Fosseim</i> (1400), <i>a Fossæime</i> (1466), <i>Fosβim</i> (1520), <i>Fossim</i> (1578, 1595), <i>Fossenn</i> (1592), <i>Foβem</i> (1604), <i>Fosumb</i> (1667) og <i>Faassum</i> (1723). Namnet er forklart som «Forseimr, sms. Af forsm., Fos, og heimr. Ligger ved Fossen mellem Slidrefjorden og Graneimfjorden».</p> <p>Førsteleddet i dette namnet kjem frå ordet <i>foss</i>. Sidan <i>foss</i> er eit vanleg, norsk ord, må skrivemåten ut frå § 1 i forskrifta følge gjeldande rettskriving. Men sidan fleire av dei som har uttalt seg i saka ønsker skrivemåten <i>Fosheim</i> med bakgrunn i skriftradisjonen, må namnet vurderast etter § 4 andre ledd i stadnamnlova: «Har skrivemåten vore lenge i bruk, og er vel kjend og innarbeidd, kan ein fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp». I denne vurderinga lister forskrifta opp nokre punkt som skal takast med:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>om skrivemåten kan medverke til at meiningsinnhaldet i namnet ikkje kjem tydeleg fram</li> <li>om skrivemåten kan endre den nedervde lokale uttalen av namnet</li> <li>kor lang og dominerande tradisjon skrivemåten har på namneobjektet</li> <li>kor stor semje det er om skrivemåten lokalt.</li> </ol> <p>Vi tar for oss punkta eitt for eitt:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>Meiningsinnhaldet i namnet kjem tydelegast fram med skrivemåten <i>Foss</i>-. Skrivemåten <i>Fos</i>- gjer meiningsinnhaldet mindre tydeleg, sjølv om denne skrivemåten ikkje kan seiast å vere direkte misvisande.</li> <li>Dei som kjenner namnet vil truleg halde på den nedervde uttalen. Men folk som ikkje kjenner namnet før dei les det, kan kome til å uttale det med lang o dersom skrivemåten blir <i>Fos</i>-.</li> <li>Det er ikkje nokon lang eller dominerande tradisjon for skrivemåten <i>Fosheim</i>. I kjeldene ovanfor er den berre å finne i matrikelutkastet frå 1950 og i førsteutgåva av Økonomisk kartverk frå 1965.</li> <li>Det er tre einskildpersonar som ønsker skrivemåten <i>Fosheim</i>. Det er dermed vanskeleg å seie om det tyder at det lokalt er stor semje om skrivemåten <i>Fosheim</i>.</li> </ol> <p>Etter ei samla vurdering meiner vi at det ikkje er grunnlag for å nytte unntaksregelen i § 4 i denne saka. Vi tilrår difor skrivemåten <i>Foss</i>- for førsteleddet i namnet.</p>
--	--	--	---


			<p>Når det gjeld andreleddet, kunne ein argumentere for skrivemåten <i>-ei</i> i samsvar med uttalen eller <i>-eim</i> som ei blandingsform mellom uttale, opphav og ein viss skriftradisjon. Men sidan dei som har uttalt seg ønsker skrivemåten <i>-heim</i>, og det er denne skrivemåten som tydelegast viser namnets opphav, tilrår vi skrivemåten <i>-heim</i> for etterleddet.</p> <p><b>Tilråding: Fossheim</b></p>
12	Fossheim	Bruk (70/1)	<p>I 1886-matrikkelen er bnr 1 skrive <i>Fosseim</i>. I matrikkelen frå 1904 er bnr 1 skrive <i>Fossheim</i>. I matrikkelutkastet frå 1950 er bnr 1 skrive <i>Fosheim</i>.</p> <p><b>Tilråding: Fossheim</b>, jf. namn nummer 11</p>
13	Fossheimstølen	Seter/støl	<p>Ragnhild Sundheim oppgir talemåten <i>Fossheimstølen</i>.</p> <p>Heradsregisteret (1952) har</p>  <p>Norge 1:50 000 har <i>Fossheimstølen</i> (1982, 1993, 2001, 2009).</p> <p><b>Tilråding: Fossheimstølen</b>, jf. namn nummer 11</p>
14	Fossheimsæter Fosheim seter Fosheim sæter Nystøl	Bruk (70/2)	<p>Geir Fosheim ønsker skrivemåten <i>Fosheim Sæter</i>. Han har lagt ved eit skøyte frå 1924 og framsida av eit prospekt frå 1800-talet der namnet er skrive <i>Fosheim Sæter</i>.</p> <p>Ragnhild Sundheim oppgir talemåten <i>Fossheim seter</i>.</p> <p>I matrikkelen frå 1904 er bnr 2 skrive <i>Nystølen</i>. I matrikkelutkastet frå 1950 har bnr 2 namnet <i>Nystølen</i>, medan bnr 3 har namnet <i>Fosheim sæter</i>.</p> <p>Norge 1:50 000 har <i>Fossheimsr.</i> (1952) og <i>Fossheimsæter</i> (1979, 1995, 2000, 2008).</p> <p><b>Tilråding:</b> For hovudnamnet tilrår vi skrivemåten <b>Fossheim</b>, jf. namn nummer 11. Namneleddet <i>seter/sæter</i> ser ikkje ut til å vere nytta i Vestre Slidre. SSR har berre registrert det i namnet <i>Fossheimsæter</i>. Heradsregisteret har registrert rundt 20 namn med oppslagsforma <i>seter (sr.)</i>, men dette namneleddet er</p>

			ikkje med i uttaleopplysningane for namna. Ut frå eigars ønske og opplysning frå Ragnhild Sundheim må det likevel vere greit å bruke namneleddet i dette namnet. Vi tilrår difor skrivemåten <b>Fossheim sæter</b> , med liten s i samsvar med rettskrivinga. Skrivemåten sæter er ikke gjeldande rettskrivingsform (han gjekk ut i 2012), men er vedtatt i mange andre namnesaker.
15	Fossheimstølbekken	Bekk	<b>Tilråding:</b> <b>Fossheimstølbekken</b> , jf. namn nummer 13
16	Fossheim	Bru	Ragnhild Sundheim oppgir talemåten Fossheim. <b>Tilråding:</b> <b>Fossheim</b> , jf. namn nummer 11
17	Fosheimvegen	Adressenamn	<b>Tilråding:</b> <b>Fossheimvegen</b> , jf. namn nummer 11
18	Fosheim-Svedalen	Grunnkrets	(Saka gjeld ikkje namnet Svedalen) <b>Tilråding:</b> <b>Fossheim</b> , jf. namn nummer 11
19	Mo	Gard (61)	I matriklane frå 1838, 1886 og 1904 og i matrikkelutkastet frå 1950 er gardsnamnet skrive <i>Mo</i> . Namnet er ikkje registrert i heradsregisteret eller bustadnamnregisteret. <i>Norske Gaardnavne</i> har oppslagsforma <i>Mo</i> og uttalen /mól/. Eldre skrivemåtar er <i>a Moe</i> (1356), <i>a Mo</i> (1363), <i>Moos sokn</i> (1368), <i>Moosokn</i> (1400), <i>Moo</i> (1520, 1578, 1592, 1667) og <i>Moe</i> (1723). Namnet er forklart som det norrøne hankjønnsordet <i>mór</i> 'mo, sand- eller grusslette'. Bygdeboka har skrivemåten <i>Mo</i> . Norge 1:50 000 har <i>Mo</i> (1952, 1979, 1995, 2000, 2008). <b>Tilråding:</b> <b>Mo</b> i samsvar med uttalen og rettskrivinga.
20	Skog Mo skog	Bruk (61/1)	I 1886-matrikkelen er bnr 1 oppført som Skov. I matrikkelen frå 1904 og i matrikkelutkastet frå 1950 er bnr 1 oppført som Skog. <b>Tilråding:</b> <b>Skog</b> eller <b>Mo skog</b> . Eigar har ikkje uttalt seg i saka.
21	Mo Uppistogo Mo	Bruk (61/2)	Bygdeboka har oppslagsforma <i>Mo</i> . I 1886- og 1904-matrikkelen og i matrikkelutkastet frå 1950 har bnr 2 namnet <i>Mo</i> . Eigar skriv at namnet som blir brukt er <i>Mo</i> . <b>Tilråding:</b> <b>Mo</b> , jf. namn nummer 19 og ønsket frå eigar.

22	Mo Nedistogo Mo	Bruk (61/3)	Bygdeboka har oppslagsforma Mo. I 1886- og 1904-matrikkelen og i matrikkelutkastet frå 1950 har bnr 3 namnet Mo.  Eigar ønsker namnet Mo.  <b>Tilråding: Mo</b> , jf. namn nummer 19 og ønsket frå eigar.
23	Mosæter Mosstølen	Bruk (61/8)	I 1886- og 1904-matrikkelen og i matrikkelutkastet frå 1950 har bnr 8 namnet <i>Mosæter</i> .  Eigar skriv at korrekt namn er Mørkastøl. Sjå elles merknad frå Per Håvar Moe Nevland om plassering og bruk av namnet Mosstølen.  <b>Tilråding: Mørkastøl</b> , jf. fråsegn frå eigar.
24	Mo	Bruk (61/12)	Ragnhild Sundheim oppgir talemåten Mo.  I 1886- og 1904-matrikkelen og i matrikkelutkastet frå 1950 har bnr 12 namnet <i>Mo</i> .  <b>Tilråding: Mo</b> , jf. namn nummer 19.
25	Mo	Bruk (61/13)	I 1886- og 1904-matrikkelen og i matrikkelutkastet frå 1950 har bnr 13 namnet <i>Mo</i> .  <b>Tilråding: Mo</b> , jf. namn nummer 19.
26	Mo	Bruk (61/14)	I 1886- og 1904-matrikkelen og i matrikkelutkastet frå 1950 har bnr 14 namnet <i>Mo</i> .  <b>Tilråding: Mo</b> , jf. namn nummer 19.
27	Mo	Bruk (61/15)	Ragnhild Sundheim oppgir talemåten Mo.  I 1886- og 1904-matrikkelen og i matrikkelutkastet frå 1950 har bnr 15 namnet <i>Mo</i> .  <b>Tilråding: Mo</b> , jf. namn nummer 19.
28	Mosjordet Mo	Bruk (61/16)	Steinar Nevland oppgir <i>Mosjordet</i> .  Bygdeboka har oppslagsforma <i>Mosjordet</i> . I 1886- og 1904-matrikkelen og i matrikkelutkastet frå 1950 har bnr 16 namnet Mo.  <b>Tilråding: Mosjordet</b> , jf. bygdeboka og høyringsfråsegn.
29	Hagen	Bruk (61/17)	Ragnhild Sundheim oppgir talemåten <i>Moshagen</i> .

	Moshagen		<p>Steinar Nevland oppgir <i>Moshagen</i>.</p> <p><i>Norske Gaardnavne</i> har oppslagsforma <i>Hagen</i> og uttalen /ha`ginn/. Bygdeboka har oppslagsforma <i>Moshagen</i>. I 1886- og 1904-matrikkelen og i matrikkelutkastet frå 1950 har bnr 17 namnet <i>Hagen</i>.</p> <p>Eigar skriv: «I daglegtalen blir både «Haga» og «Moshaga/-en» brukt, men sidan garden ligg på elvedeltaet, og er «Hagen på Mo» så føretrekker eg Moshagen i skriftleg form sjølv om ein munnleg seier begge deler («Haga» og «Moshaga/en»).</p> <p><b>Tilråding:</b> <b>Moshagen</b> i samsvar med høyringsfråsegner og ønsket frå eigar. Kartverket får vurdere om <i>Haga</i> skal stå som undernamn i SSR.</p>
30	Bråten eller Bakken Mosbråten	Bruk (61/21)	<p>Bygdeboka har oppslagsforma <i>Mosbråten</i>. I 1886- og 1904-matrikkelen har bnr 21 namnet <i>Braaten eller Bakken</i>. I matrikkelutkastet frå 1950 er skrivemåten <i>Bråten eller Bakken</i>.</p> <p>Eigar ønsker namnet Mosbråten.</p> <p><b>Tilråding:</b> <b>Mosbråten</b> i samsvar med ønsket frå eigar.</p>
31	Mosbråten Bråten	Bruk (61/26)	<p>Norge 1:50 000 har <i>Mosbråten</i> (1979, 1995, 2000, 2008). I matrikkelen frå 1904 har bnr 26 namnet <i>Mosbraaten</i>. I matrikkelutkastet frå 1950 er skrivemåten <i>Mosbråten</i>.</p> <p>Eigar ønsker namnet Mosbråten.</p> <p><b>Tilråding:</b> <b>Mosbråten</b> i samsvar med ønsket frå eigar.</p>
32	Mosvatnet Movatn Movatnet	Vatn	<p>Eyvind Lome (hytteeigar i over 60 år) skriv at han aldri har høyrte bygdefolket nytte anna namn enn Movatnet eller Kvithaugfjorden.</p> <p>Nils Brandt (hytteeigar) skriv at han aldri har høyrte Movatnet. Lokalt nytter dei Kvithaugfjorden, alternativt Movatnet. Av dei tre alternativa ønsker han Movatnet.</p> <p>Torleif Ringsaker har aldri høyrte Movatnet i daglegtale blant dei lokale, «Derimot har "Kvithaugfjorden" blitt brukt, mest for å beskrive nørre/vestre del av vatnet [...] For meg er Movatnet mer naturleg enn "Movatn". Det er et stort og fint vatn, men det gir hele 10 treff andre steder hos Norgeskart.no. Slik sett burde det hete Kvithaugfjorden - da blir det unikt og litt svung over det».</p> <p>Nils-Olav Tilden skriv mellom anna «Det er MOVATN som har vore brukt i generasjonar, og som ligg nærast</p>



		<p>vår dialekt. [...] Om ein skal skrive navnet i bestemt form som Movatnet eller Movatn er vel meir eit spørsmål om grammatikk. Eg seier eks: Skal vi dra til Movatn å fiske i dag! Og ... e har fiska i Movatnet». Bjarne Lome skriv «Mosvatn er feil og vi er mange som kan akseptere Movatn, men vi er veldig mange som kallar det for Kvithaugfjorden og det kjem vi til å halde fram med. Eg foreslær at navnet bli Kvithaugfjorden». Knut Berge skriv «Mitt innspel går på Mosvatnet. Dei gamle her sa alltid Mosvatnet og begrunna det ut frå at vatnet frå gamalt av tilhørde garden Mo slik den var opprinneleg før den vart delt. Altså ein talemåte å seia at det var Mo sitt vatn Mo`s vatn». Fjellstyret ser ut til å ønske skrivemåten med binde-s. Marit Lome ønsker namnet Movatnet. Per Håvar Moe Nevland skriv «Frå gamalt av er det ingen tvil om kva som er korrekt uttale: det er Mosvatnet med «s». Eg har aldri høyrte nokon i Mosgrenda seie noko anna». Finn Hesselberg ønsker skrivemåten Mosvatnet i samsvar med bruken i dag. Ragnhild Sundheim oppgir talemåten Mosvatnet. Steinar Nevland oppgir Mosvatnet. Odd Steinar Kirkeengen skriv «Vi her på Vika har alltid brukt navnet Mosvatnet med s». Ola Magne Vika skriv «Vi på Vika meiner at namnet til vatnet er Mosvatnet. Det er dette namnet som mine besteforeldre, foreldre og eg brukte/brukar». Aaste og Arne Ødegaard skriv «Vedrørande Mosvatnet eller Movatnet, så har vi ingen sterke meiningar om kva som har vore vanleg. Vi har høyrte begge deler. Men: Hvis vatnet har tilhørt garden Moe, så er det logisk med Mosvatnet. Jfr. Nestisvatnet og Hamristjednet». Per Håvar Moe Nevland nyttar skrivemåten Mosvatnet i si høyringsfråsegn.</p> <p>Heradsregisteret (1952) har</p>  <p>Norge 1:50 000 har <i>Movatn</i> (1952, 1982, 1993, 2001, 2009). Gustav Indrebø (Norske innsjønamn I. Upplands fylke, 1924) har uttalen /mó´ssvatne/.</p> <p><b>Tilråding:</b> Her er det tydeleg at fleire uttaler og namn er i bruk, og har vore det over tid. Dersom namnet <i>Kvithaugfjorden</i> skal nyttast, må det først reistas</p>
--	--	---

			<p>namnesak på primærnamnet, sidan både <i>Kvithaug</i>, <i>Kvitehaug</i> og <i>Kvitehaugen</i> er registrert i SSR.</p> <p>For namnet <i>Mo(s)vatn(et)</i> er det sprikande opplysningar både om bruk av binde-s og bruk av bunden eller ubunden form. Det er likevel ikkje tvil om at den eldste belagde uttalen (Indrebø) framleis er i levande bruk. Vi tilrår difor skrivemåten <b>Mosvatnet</b>.</p>
33	Mosbekken	Bekk	<p>Per Håvar Moe Nevland oppgir Mosbekken. Ragnhild Sundheim oppgir talemåten Mosbekken. Steinar Nevland oppgir Mosbekken.</p> <p><b>Tilråding:</b> <b>Mosbekken</b> i samsvar med uttaleopplysningane.</p>
34	Mosstølen Mostølen	Seter/støl ved Sisselset	<p>Per Håvar Moe Nevland, som driv stølane, ønsker skrivemåten <i>Mosstølen</i>. Steinar Nevland oppgir Mosstølen.</p> <p>Norge 1:50 000 har <i>Mostøl</i> (1952), <i>Mostølen</i> (1979, 1995, 2000, 2008).</p> <p><b>Tilråding:</b> <b>Mosstølen</b> i samsvar med uttaleopplysningane.</p>
35	Mosstølen Mostølen	Seter/støl på Jaslangen	<p>Per Håvar Moe Nevland, som driv stølane, ønsker skrivemåten <i>Mosstølen</i>. Ragnhild Sundheim oppgir talemåten <i>Mosstølen</i>. Steinar Nevland oppgir <i>Mosstølen</i>.</p> <p><b>Tilråding:</b> <b>Mosstølen</b> i samsvar med uttaleopplysningane.</p>
36	Mosåni Mosåne	Elv	<p>Per Håvar Moe Nevland oppgir <i>Mosåne</i>. Ragnhild Sundheim oppgir talemåten <i>Mosåne</i>. Steinar Nevland oppgir <i>Mosåne</i>.</p> <p>Bygdeboka skriv <i>Mosåne</i>. Norge 1:50 000 har <i>Mosaani</i> (1952) og <i>Mosåni</i> (1979, 1995, 2000, 2008).</p> <p><b>Tilråding:</b> <b>Mosåne</b> i samsvar med uttaleopplysningane.</p>
37	Mo kyrkjeruin Kyrkjeruin	Sjåverdighet	<p>Bygdeboka skriv <i>Moskyrkja</i>.</p> <p><b>Tilråding:</b> <b>Moskyrkja</b> i samsvar med bygdeboka.</p>
38	Gamle Mosvegen	Adressenamn	<b>Tilråding:</b> <b>Gamle Mosvegen</b> , jf. neste namn
39	Mosvegen	Adressenamn	Steinar Nevland oppgir Mosvegen.

			<b><u>Tilråding:</u> Mosvegen</b>
40	Mosgoto	Adressenamn	Steinar Nevland oppgir Mosgoto.  <b><u>Tilråding:</u> Mosgoto</b>
41	Mosflata	Adressenamn	Steinar Nevland oppgir Mosflata.  <b><u>Tilråding:</u> Mosflata</b>
42	Kåta Kota Køta	Gard (72)	<p>Anne Berit Strømmen Strand skriv «Eg er kårkjerring på nabogarden til Køta, og uttalar meg her som nabo og språkinteressert: Alle innanbygdsbuande uttalar gardsnamnet som Køta, slik tradisjonen har vore. Eigaren brukte tidlegare familienamnet Kåta, men har endra dette seinare. I bygda synest det klart rett å bruke forma «Køta» om denne garden og det same i namn som etter kvart er knytt til gardsnamnet».</p> <p>Fjellstyret skriv at Køta «oppleves også riktig på folkemunne».</p> <p>Ragnhild Sundheim oppgir talemåten Køta.</p> <p>I matriklane frå 1838, 1886 og 1904 er gardsnamnet skrive <i>Kaata</i>. I matrikelutkastet frå 1950 er skrivemåten <i>Kåta</i>. <i>Norske Gaardnavne</i> har oppslagsforma <i>Kaata</i> og uttalen /kø`ta/. Eldre skrivemåtar er <i>Kotte</i> (1604, 1616), <i>Katæ</i> (1626), <i>Kaate</i> (1667) og <i>Kaatte</i> (1723). Namnet er forklart som fleirtalsgenitivform av inkjekjønnsordet <i>kot</i> 'hytte, lite hus'. Namnet er ikkje registrert i heradsregisteret eller bustadnamnregisteret.</p> <p>Norge 1:50 000 har skrivemåten <i>Kåta</i>. Førsteutgåva av økonomisk kartverk frå 1965 har skrivemåten <i>Kaata</i>.</p> <p>Bygdeboka har oppslagsform <i>Køta (Kaata)</i> og skriv «Namnet blir uttala Kø`ta, men vanlegvis blir det skrive Kåta eller Kaata».</p> <p><b><u>Tilråding:</u></b> Ut frå skriftradisjonen kan ein argumentere for skrivemåten <i>Kåta</i>, men denne skrivemåten er ikkje i samsvar med opphavet til eller uttalen av namnet, og er heller ikkje ønskt av dei som har uttalt seg i saka. Gjeldande rettskriving og omsynet til at skrivemåten ikkje skal skygge for meningsinnhaldet kunne tilseie skrivemåten <i>Kotta</i>, sidan <i>kott</i> etter 2012 er einaste gjeldande rettskrivingsform. Før dette var òg <i>kot</i> rettskrivingsform i nynorsk. Sidan namneforma er ei eldre fleirtalsgenitivform, er det uansett ikkje mogleg å</p>

			<p>gi namnet ein skrivemåte som samsvarar med gjeldande rettskriving, og med dobbelt t ville vokallengda blitt feil i høve til uttalen.</p> <p>I lys av rettskrivingsprinsippa kan ein hevde at skrivemåten <i>Kota</i> er meir i tråd med dei enn skrivemåten <i>Køta</i>, fordi historisk kort o oftast blir skriva med o sjølv om uttalen er ø. Etter rettskrivingsprinsippa kan ein òg seie at det er rom for å vise att ulik vokallengd i tale med motsvarande konsonantlengd i skrift.</p> <p>Hovudregelen er at stadnamn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving. Ordet <i>kott</i> med tydinga 'lite hus' er i seg sjølv neppe allment kjent, og den opphavlege tydinga genitiv fleirtal er det ganske sikkert ikkje. Dette gir større høve til å velje ein skrivemåte som samsvarer med lokal uttale.</p> <p>Etter ei samla vurdering tilrår vi skrivemåten <b>Køta</b> i samsvar med uttalen og lokale ønske.</p>
43	Kåta	Bruk (72/1)	<p>Ola J. Fauske skriv at rett skrivemåte er Kaata eller Kaatha ifølgje eit skåp datert 1865.</p> <p>Bygdeboka har oppslagsforma <i>Køta</i>.</p> <p><b>Tilråding: Køta</b>, jf. namn nummer 42.</p>
44	Kotaplassen	Gamal busetningsplass	<b>Tilråding: Kotaplassen</b> , jf. namn nummer 42.
45	Køta	Adressenamn	<b>Tilråding: Køta</b> , jf. namn nummer 42.
46	Køtastølen	Seter/støl	<b>Tilråding: Køtastølen</b> , jf. namn nummer 42.
47	Køtastølvegen	Adressenamn	<b>Tilråding: Køtastølvegen</b> , jf. namn nummer 42.
48	Køtavegen	Adressenamn	<p>Anne Berit Strømmen Strand skriv «I forslag til namneendring i sak K-13/23 låg innpel om namnet «Køtateigen» i staden for Køtavegen. «Køtavegen» er i daglegtalet brukt om vegleia skogleies som Køta brukte opp til heimstølen i Svedalen. For å unngå forvekslingar mellom to vegar med same «namn», håper ein i grenda å få godkjend « - teigen» som andreledd i dette namnet».</p> <p><b>Tilråding: Køtavegen</b>, jf. namn nummer 42. Vi har heller ingen merknader til forslaget <i>Køtateigen</i>.</p>

49	Trollhovd Trøllhøvd Trollhøvd	Seter/støl	Ragnhild Sundheim oppgir talemåten Trøllhøvd.  <b>Tilråding:</b> Dersom ein skal følgje hovudregelen om gjeldande rettskriving, må namneledda <i>troll</i> og <i>hovd</i> skrivast med o. Regelverket (utfyllande reglar for skrivemåten av norske stadnamn) opnar likevel for å nytte lokale dialektformer i skrivemåten av stadnamna «når særlege grunnar talar for det». Det har lenge vore ønske i Valdres-kommunane å nytte skrivemåte med ø i namneledd som <i>hovd/høvd</i> , i samsvar med lokal uttale. Vi meiner difor at skrivemåtane <i>trøll</i> og <i>høvd</i> kunne ha vore innanfor regelverket dersom det var eintydige ønske om det i saka. Skrivemåten med ø er likevel berre spesifikt ønskt for eitt av namna i denne saka, og difor tilrår vi <b>Trollhovd</b> i samsvar med rettskrivinga.
50	Nørdre Trollhovd Nordre Trollhovd Nørre Trøllhøvd	Seter/støl	Kjetil Hamre og Kristin Bråten Tvenge stemmer for at Nørdre Trollhovd bør byte namn til Nørre Trøllhøvd. Ragnhild Sundheim oppgir talemåten Nørre Trøllhøvd.  <b>Tilråding: Nørdre Trollhovd</b> i samsvar med rettskrivinga, jf. namn nummer 49.
51	Nørre Trøllhøvd Nordre Trollhovd	Adressenamn	<b>Tilråding: Nørdre Trollhovd</b> i samsvar med rettskrivinga, jf. namn nummer 49.
52	Søre Trollhovd Sørre Trollhovd Sørre Trøllhøvd Søre Trollhøvd	Seter/støl	Ragnhild Sundheim oppgir talemåten Sørre Trøllhøvd.  <b>Tilråding: Søre Trollhovd</b> i samsvar med rettskrivinga, jf. namn nummer 49.
53	Trollhovd	Grunnkrets	Ragnhild Sundheim oppgir talemåten Trøllhøvd.  <b>Tilråding: Trollhovd</b> i samsvar med rettskrivinga, jf. namn nummer 49.
54	Storhovd Storhøvda Storhøvd	Fjell	Ragnhild Sundheim oppgir talemåten Storhøvda.  <b>Tilråding: Storhovda</b> i samsvar med rettskrivinga, jf. namn nummer 49.
55	Storhøvdvegen Storhovdvegen	Adressenamn	Ragnhild Sundheim oppgir talemåten Storhøvdvegen.  <b>Tilråding: Storhovdvegen</b> i samsvar med rettskrivinga, jf. namn nummer 49.

Vennleg helsing

Anne Svanevik  
namnekonsulent

Daniel Gusfre Ims  
seksjonssjef

Line Lysaker Heinesen  
rådgivar

*Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.*

**Mottakarar:**

Kartverket

Postboks 600  
Sentrum

3507

HØNEFOSS

**Kopi til:**

Anne Svanevik